

RU-møte - onsdag 26. februar kl. 16:15

Stad: møterom 1 (UA13B), ved sida av grupperom 1 i U-etasjen, Realfagbygget

Hei!

Denne gongen er det 3 gjester på dei første sakene. Tenkt gjerne på kva spørsmål du har til dei. Elles er den store saka budsjett 2014 der vi ser på kva vi vil bruke pengar på i år.

Tradisjon tru vert det pizza og brus :-)

med helsing
Livar Bergheim
Leiar, Realistutvalget

Agenda:

0. Oppmøte, pizza

- 1. SiB Kafé m/ gjest kafédirektør Ørjan Vågestøl**
- 2. Forskarlinje - presentasjon av ordninga på medisin v/ gjest Eivind Valestrand**
- 3. Valg til studentparlamentet v/ gjest Bjørn-Kristian Danbolt**
- 4. Revidere RU-budsjett 2014**
- 5. Orientering om alumnusdagane i mai v/ Ellen Birgitte og Anders**
- 6. Statuttar for fagutval**

- 7. Orienteringar**
- 8. Sosialt**
- 9. Neste møte**
- 10. Eventuelt**
- 11. Møteevaluering**

1. SiB Kafé

Formål: få høyre meir om korleis SiB Kafé fungerer, stille spørsmål og kome med innspel

Ørjan Vågestøl er direktør for SiB Kafé, og har ansvar for kafé og kantinedrifta i SiB, med til saman 21 kaféar og kantiner;

<http://www.sib.no/no/mat-og-drikke/kontakt-oss-1/vare-kafeer>

2. Forskarlinjer

Formål: få høyre om forskarlinje-ordninga på medisinstudiet så ein kan sjå om det kan vere aktuelt på MatNat

Eivind Valestrand er leiar for studentutvalget på Medisinsk-odontologist fakultet og går sjølv på forskarlinja.

3. Valg til studentparlamentet v/ gjest Bjørn-Kristian Danbolt

Formål: få høyre om høve til å stille til valg og ledige plassar i valgstyret (honorert)

4. Revidere RU-budsjett 2014

Formål: revidere budsjettet vårt for 2014 etter at vi fekk årets bevilgning frå fakultetet og diskutere kva vi vil bruke pengar på.

Bakgrunn

Opprinneleg søkte RU om å få auka budsjettet frå 40 000 til 50 000. Etter samtaler med fakultetet kom ein fram til at RU også skal få auka bevilgning for å gje støtte til større arrangement ved fakultetet (t.d. husfest, vinterleikar, kick-off o.l.)

Dette vart summert til 125 000,- i ei budsjettsskisse som vart sendt til fakultetet før jul

(<http://bit.ly/1mClpvS>)

23. januar fekk RU 100 000,- i bevilgning frå fakultetet for 2014.

Forslaget under er ei oppdatert utgåve av

Forslag til budsjett

| <u>Post</u> | <u>Budsjett 2014</u> | <u>Brukt 2014</u> | <u>Brukt 2013</u> |
|-------------------|----------------------|-------------------|-------------------|
| RU-drift | | | |
| Lynpresentasjonar | 15 000 | 13 000 | |
| Møtemat | 10 000 | ? 2 000 ? | |
| Profilering | 8 000 | 1500 | 0 |
| Arrangement | 20 000 | 0 | |
| Utstyr | 1 500 | | |

Sum 53 500

Arrangement-støtte

| | | | |
|---------------------------|--------|--------|---|
| Kick-off vårsemesteret | 15 000 | 15 000 | 0 |
| Vinterleikar - våren 2014 | 15 000 | 15 000 | 0 |
| Anna arrangement-støtte | 16 500 | | |
| Sum | 46 500 | | |

Totalt sum 100 000

Forklaring og kommentarar

Fagutvalg-hefter er kutta som ein eigen post. Dersom RU ønskjer å lage desse så kan ein bruke frå posten *Profilering*.

Lynpresentasjonar ved semesterstart om hausten. Mat og drikke som loddemat.

Møtemat mat og drikke til RU-møte, samt enkel brødmatt/frukt/yoghurt til RUF-møter. Foreslår behalde på 10 000 i staden for å auke ved å benytte billegare alternativ til Peppes/Dolly's, t.d. pizza frå Bella Paris.

Profilering Innkjøp av roll-up, 5-6 jakkegensarar/zip-hoods for å stå på stand/vere synlege, plakatar, honorering av designer og ev. andre tiltak.

Arrangement I hovudsak interne arrangement, som intern-fest ein gong i semesteret, og kurs.

Utstyr Er utstyr til kontoret og felles kjøkken, som t.d. vannkokar og PC-utstyr (meir minne etc.)

Anna arrangement-støtte T.d. til husfest. Amalie er i dialog med Start om kor mykje RU kan støtte med.

Forslag til vedtak

1. Realistutvalget vedtek budsjettet med dei endringar som kjem fram i møtet.
2. Realistutvalget reviderar budsjettet ved behov i haust.
3. Intern-fest for i vår får 7500,- som budsjetttramme.

5. Orientering om alumnusdagane i mai v/ Ellen Birgitte og Anders

6. Statuttar for fagutval

saka er foreslått av Eirik Gullesen, Fagutvalget for Miljø- og Ressursfag (MIRE)

MIRE skal pusse opp statuttane sine, og lurar på tips og innspel på kva som bør vere med i statuttar.

7. Orienteringar

8. Sosialt

Nokon sosiale arrangement som ein vil invitere andre til å vere med på framover?
Status internfest i RU i vår.

9. Neste møte

Rundt månadsskiftet mars/april
Saker: allmøte i april

10. Eventuelt

12. Møteevaluering

Kva var bra ved møtet og kva vil ein gjere betre/annleis neste RU-møte?